



Siv.ing Vidar Mjøs  
Fabrikkgaten 7b  
5059 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1 - 16/731

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
19.01.2016

## Krav om innsyn - Spørsmål om gebyr for falske underskriftar - oversending av dokument

Dykkar e-post av 15.01.18.

Radøy kommune har ikkje treft vedtak om gebyr for falske underskrifter, og ein slik sak har følgjeleg aldri vore handsama hjå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen legg til grunn at dykkar spørsmål skuldast ein samanblanding av omgrepa gebyr og lovbrotsgebyr. Gebyr, som vert vedteke lokalt av kommunestyret i forskriftsform, er betaling for kommunen sine tenester. Lovbrotsgebyr, som følgjer av plan og bygningslova § 32-8, jf. byggesaksforskriften kap. 16, er ein sanksjon for brot på plan og bygningslova.

Det er heimel i byggesaksforskriften § 16-1 for å ileggje **lovbrotsgebyr** for mellom anna falske underskriftar:

*Foretak kan ilegges overtredelsesgebyr inntil angitte beløpsgrenser for forsettlig eller uaktsomme overtredelser som nevnt i bokstav a til h. Privatpersoner kan ilegges overtredelsesgebyr inntil halvparten av angitte beløpsgrenser for forsettlig eller uaktsomme overtredelser som nevnt i bokstav a til h. (...)*

- h) Den som gir uriktige eller villedende opplysninger til plan- og bygningsmyndighetene, ilegges gebyr:*
- 1. inntil kr 10 000 ved feil eller villedende opplysninger, og der forholdet medfører mindre avvik eller ulempe*
  - 2. inntil kr 50 000 ved feil eller villedende opplysninger, og der forholdet medfører større avvik eller ulempe*
  - 3. inntil kr 100 000 ved forfalskning av underskrift eller dokumentasjon.*

Kommunestyret i Radøy kommune vart i sak 029/10 av 24.06.2010 *orientert* om satsane for tvangsmulkt som følgjer av SAK § 16-1. Saksdokumentet følgjer vedlagt.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Prosjekt ulovlege tiltak (L)(114684)

**Mottakarar:**

Siv.ing Vidar Mjøs

Fabrikkgaten 7b

5059

BERGEN